

FORORD

Økonomien i Kvam er god, men pressa. Dei siste åra er det sett i verk store investeringar og fleire er undervegs. Om nokre år vil Kvam ha bygg og tenester på høgde med dei beste kommunar i landet.

Men Kvam er som andre kommunar råka av at veksten i prisar og løningar er raskare enn auken i inntekter. Dertil at statlege reformer jamt leggjast om og vert del av dei ordinære overføringane i frå staten – dei som i sum finansierar om lag 80 prosent av heradet sitt virke. Ved denne korsvegen er det dei ekstraordinære midlane til psykiatrien som vert del av dei ordinære overføringane. Ved slike konverteringar går nokre midlar tapt, så også denne gongen.

Lønnsveksten er stor, ikkje overraskande i ein nasjonal økonomi som i nokre år har vore på kokepunktet. Kampen om arbeidskrafta har vore stor, og løningane har stege deretter. Når norsk økonomi no går inn i ei fase med lågare veksttakt, vil lønsveksten bli lågare. Skjønt det er grunn til å åtvere dei som trur kampen om arbeidskrafta er avblåst. Den vil halde fram for viktige profesjonar som lærarar og pleiarar. Arbeidsmarknaden er segregert, det vert ikkje automatisk fleire sjukepleiarar av ein stagnasjon i bygg og anlegg. Rådmannen vil derfor halde fram med heradet sin seniorpolitikk, som heradsstyret vedtok i 2008.

Salderingsutfordringa i budsjettet er på 31 millionar. Rådmann finn 17 millionar ved å kutte i drifta. Nokre av kutta vil vere kontroversielle. Det er råd å byte dei bort, men rådmannen er redd alternativa er minst like kontroversielle. Den som studerer heradet sin økonomi vil fort konkludere med at fellen er for kort, uansett kva veg den leggjast.

Når 17 millionar er identifiserte, står 14 att. Dei vert dekkja av MVA-kompensasjon.

Slik fondsfinansiering kan sjølvsagt ikkje halde fram. For å halde oppe driftsnivået tilirar derfor rådmannen å innføre eigedomsskatt frå og med 2010. Det vil gje anslagsvis 15 millionar i kassa kvart år. Med desse midlane, og ein stabil statleg finansiering av kommunane, vil heradet drive med overskot frå og med 2010. Rådmannen vil ikkje endre investeringstakten. Derimot vil rådmannen gjere det han kan for å frigjere kapital (sal) å nytte denne til å nedbetale gjeld. Rådmannen legg fram sak om avhending våren 2009.

Dersom rådmannen får tilslutning til sitt framlegg til budsjett, vil Kvam om få år stå godt rusta i kampen om innbyggjarar og arbeidskraft. Men nett no lyt Kvam kort sagt ta ein pust i bakken. Ikkje fordi kondisen er dårleg, men fordi det er grensar for kor lenge dei anaerobe økonomiske prosessane kan vare ved. Når pausen er over, og økonomiplanperioden omme, er det råd på nytt å tenkje realistisk om vekst og utvikling. Det er inga ulukke å puste på litt, for Kvam er mykje betre stilt enn kommunar omkring seg, i det minste når ein ser på kommunale tenester, bygg og bemanning.

Kvam, den 17. november 2008
Harald Inge Anderssen
- rådmann -

1	Rådmannens innleiing.....	5
2	Oversyn over tenestene	8
2.1	Medarbeidarar	8
2.2	Løns- og personalavdelinga	8
2.3	IT	9
2.4	Stab.....	10
2.5	Barnehage.....	12
2.6	Skule.....	13
2.7	Pleie og omsorg.....	15
2.8	Barnevern, sosial- og kommunehelsetenesta	17
2.9	Teknisk	20
2.10	Kultur og idrett	22
2.11	Næring	24
2.12	Offentlege planar.....	26
2.13	Byggesak og private planar	28
3	Økonomisk oversikt 2009-2012	29
3.1	Prosjekt.....	31
3.2	VAR (vatn, avløp og renovasjon)	32
3.3	Ordinær drift.....	33
3.4	Fondsdisponeringar	33
3.5	Kraftinntekter	33
3.6	Statsbudsjettet 2009.....	34
3.7	Salderinga av budsjett 2009	36
3.8	Premissar for økonomiplanen 2009-2012	40
3.9	Hovudoversikt ordinær drift (eks. prosjekt og VAR) 2008-2012	41
3.10	Hovudoversikt totalt 2008-2012.....	42
4	Investeringar i 2009-2012	43
4.1	Økonomisk hovudoversikt – investeringar	43
4.2	Budsjettskjema 2A – Investeringar	44
4.3	Budsjettskjema 2B – Investeringar.	44
5	Prosjekt i økonomiplanperioden.....	45
5.1	Driftsprosjekt.....	45
5.2	Aktive investeringsprosjekt.....	45
5.3	Aktive skuleprosjekt.....	46
5.4	Aktive VA-prosjekt	46
5.5	Prosjektrammer og forbruk	48
5.6	Prosjektrammer og finansiering:	50
6	Vedlegg – økonomiske oversiktar	52
6.1	Økonomisk oversikt oppdelt 2009	52
6.2	Økonomisk oversikt oppdelt 2008	53
6.3	Budsjettskjema 1A	54
6.4	Budsjettskjema 1B	55
6.5	KOSTRA-tal pr. Formålsgruppe 2007-2012.....	56
6.6	KOSTRA-tal for 2007.....	57

1 Rådmannens innleiing

Status

Kvam har dei siste åra oppgradert og utvida sine bygg og institusjonar til eit nivå som samla sett er på høgde med dei beste kommunar i landet. Her er nye skular, sjukeheimar og idrettsanlegg, og nye barnehagar på veg. Enno står eit og anna att for å gjere alle grender nøgde, men i det store og heile er bygg og tenester i Kvam gode eller særst gode.

Her er ingen kø etter omsorgsbustader eller sjukeheimsplassar, og berre unntaksvis står nokon i kø etter barnehageplass. Det siste løyser seg oftast innan nokre veker, om foreldre tek imot plass i barnehagen i nabogrenda.

Kvam herad har ein kvalifisert og stabil bemanning. Her er god legedekning, endå til på sjukeheimane. Her er god dekning av ingeniørar og planleggjarar, felt der andre kommunar har slitt stort dei siste åra for å halde på og rekruttere. Kvam har i det heile hatt god rekruttering til dei fleste stillingar, med unntak av sjukepleiarstillingane. I sjukepleia har heradet måtte nytte seg av framand arbeidskraft formidla via private byrå.

Innbyggartalet peikar oppover for tredje kvartal på rad, sjukefråveret er på veg ned. Ein skulle tru ein var i Soria Moria, hadde det ikkje vore for framtidsutsiktane. Dei er ikkje like ljose. Heradet er i beredskap for den veksten det har ambisjonar om. Spørsmålet om han kjem.

Slik rådmannen ser det har Kvam grovt sett to store utfordringar. Den eine er økonomisk, kortsiktig og råd å løyse for heradsstyret. Den andre er òg økonomisk, men langsiktig og langt i frå like enkel å løyse.

Den kortsiktige utfordringa

Den kortsiktige utfordringa er delt i to.

Den første delen handlar om å saldere budsjettet for 2009. Her er ei salderingsutfordring som må løysast. Den kjem fram når rådmannen svarar på spørsmålet: Kor mykje kostar det å vidareføre drifta på same nivå som i 2008 og i tillegg ta inn over seg verknadane av vedtak fatta i 2008?

Svaret er at det kostar 31 millionar utover inntektene. Det er salderingsutfordringa.

Den andre delen handlar om å sy i hop ein truverdig økonomiplan for åra 2010-2012. I dette arbeidet legg rådmannen til grunn at heradsstyret innfører full eigedomsskatt i Kvam frå og med 2010. Det vil tilføre heradskassa anslagsvis 15 millionar i årlege inntekter. Det vil, så langt rådmannen i dag kjenner premissane for den kommunale drifta, sikre heradet ein stabil økonomi i år framover.

Dertil vil rådmannen tilrå heradsstyret å arbeide for å realisere kraftpotensialet i Fosse-elva og Øystese-elva. For det er naudsynt å auke inntektene i ein kommune der det er særst vanskeleg å endre tenestestrukturen (skular, barnehagar, sjukeheimar mm), og der potensial for innsparingar ikkje er så store som ein kunne håpe på.

Rådmannen tilrår presise driftskutt på samla 17 millionar. Vidare tilrår rådmannen å utsetje investeringar og ikkje betale større summar i renter og avdrag enn det kommunelova pålegg heradet. Det gjev om lag 1 million i innsparing.

Til sist tilrår rådmannen å dekke inntektsgapet med 14 millionar frå fonds i 2009. Med stø kurs og 15 friske millionar frå full eigedomsskatt frå og med 2010, er heradet i rute og verknadane av kutta i det store og heile moderate.

Driftskutta som rådmannen tilrår (eller tilsvarande av same omfang) må førast vidare ut økonomiplanperioden. Driftsauke kan rådmannen berre tilrå der auken vert finansiert av midlar frå eksterne aktørar som stat, fylke og KS. Dertil må investeringsplanen haldast, og alle tilgjengelege midlar utanom drifta (eks. frå sal av eigedomar) må nyttast til å betale ned gjeld.

Fylgjer heradsstyret denne lina, og dertil har arbeidsmarknad og stat på si side, går heradet med overskot mot slutten av økonomiplanperioden.

Så langt den kortsiktige utfordringa og løysinga av ho.

Den langsiktige utfordringa

Den langsiktige utfordringa handlar om å halde oppe næringsliv og folketal. Liknande utfordringar har mange kommunar, i fleire av dei går veksten meir eller mindre av seg sjølve.

På Askøy og Sotra, i Haugesund, Stavanger og Sandnes er den kommunale oppgåve først og fremst og halde tritt med utviklinga. Bygge barnehagar og skular raskt nok, og regulere bustadområde. I slike kommunar treng ikkje kommunestyret arbeide for å skape vekst, men for å handtere vekst.

I Kvam er situasjonen som kjent annleis. Her er heradet ein sentral aktør for å stimulere næringsvekst; til dømes i Ålvik. I Ålvik står ei bygd overfor eit mektig og fragmentert stat, og ein nesten like mektig industrigigant. Korkje stat eller konsern er i stand til å gje Ålvik sikre premisser for drifta. Det kan heller ikkje heradet gjere, sjølv om det gjennom Ålvik Vekst gjer sitt beste. Kraftprisane og den ekstraordinære omstillingsstøtta regulerer staten, næringsarealet regulerer Elkem. Slik legg dei to dei avgjerande premissane for Ålvik.

Næringsverksemdene i Hardanger har i det heile vore i nedgang dei siste åra. Det er på kysten det veks i fylket vårt. Hardanger har dei siste åra vore kjenneteikna av fråflytting og låg næringsvekst. Hardanger har ikkje ein næringsstruktur som appellerar til høgt utdanna menn. Kvinnene kommer hit og blir, dei finn (slik arbeidsmønsteret er i dag) sitt arbeid i offentleg sektor (70 prosent av dei tilsette i kommunane er kvinner). Utan kompetansearbeidsplassar i privat sektor (der høgare utdanne menn arbeider, er det vanskeleg å tru på den store tilflyttinga til Hardanger. Og det er arbeidsplassar, ikkje kommunal infrastruktur, som primært trekker folk til ein kommune. Og, med referanse til vekstkommunane som er solid på etterskot med elementære tenester, er det slik at jo dårlegare tenester ein kommune har, jo større er tilflyttinga.

Jo meir grisgrendt eit strok er, jo større er nedgangen i folketalet. Det skulle bety at om målet var eintydig å auke folketalet i Kvam, bør heradsstyret satse på å etablere handlesenter, bustadfelt og arbeidsplassar der det alt bur mange – altså i Øystese og Norheimsund.

Men den som les kommuneplanen, og straumen av verknadsrike vedtak, ser fort at i Kvam vert det gjort eit like stort arbeid for å halde busetnaden oppe i dei minste grendene.

Det var det paradokset geografiprofessor Jens Chr. Hansen peikte på då han vinteren 2000 sa til heradsstyret at det ikkje hadde funne ein naudsynt balanse mellom innsatsen i sentrum

og innsatsen på bygdene. Og ein slik balanse er sanneleg ikkje enkel å finne. Den norske stat har i eit halvt århundre, rett nok med vekslende intensitet, arbeid for å etablere såkalla bygdebyar – med magert resultat.

Det langsiktige problemet i Kvam er at heradet må halde oppe gode tenester i mange bygder for jamt færre innbyggjarar. Kvam har derfor vore, og vil derfor bli, ein dyr kommune å drive. Kvam *kan* drivast billegare, men då må tenestene sentraliserast. *Det* er der, forståeleg nok, stor motstand imot. Ein treng ikkje lese lenge i eigedomsmagasina for å forstå kvifor. Kort veg til butikk, skule og barnehage er salsargument på line med sol og utsikt. Sentralisering tyder utarming, for kollektivet og for individet.

Her er rådmannen ved det store dilemma i rurale kommunar; skal dei sentralisere og skape splid og ufred, eller skal dei halde oppe ein driftsøkonomisk urasjonell struktur og dermed skape fred og forsoning?

Rådmannen vil tilrå ein mild sentralisering, slik at stadbundne kommunale tenester vert samle i fire bygder – Tangerås, Norheimsund, Øystese og Ålvik. Dertil bør det vere både skule og barnehage i Tørvikbygd.

Strukturen vert dyr, for dei statlege krav til tenester er dei same i Ålvik som i Oslo.

Av dette fylgjer at kvenningane 1) må halde seg med funksjonar som andre kommunar kan klare seg utan (eks vekstselskap), 2) må betale det som skal til for å halde oppe ein dyr, desentralisert, kommunal drift og 3) leve med at drifta *kan* vise seg å vere pengar ut av vindauget. For held fråflyttinga fram i Strandebar, fell rimelegvis både skule, basseng og idrettshall døde til marka.

Om 10-12 år kan heradet stå att med endå færre innbyggjarar og ei rad bygg som er tomme og utan økonomisk verdi. Og det kan skje sjølv om heradet legg all god vilje til og nyttar mykje energi og ressursar på å skape ny næringsverksemd.

2 Oversyn over tenestene

2.1 MEDARBEIDARAR

Utfordring


Utfordringa er å halde på gode medarbeidarar og rekruttere nye. Det vil vere enklare i teknisk sektor, like vanskeleg i helsesektoren og jamt vanskelegare i skulen.

Kvam herad er godkjent som **Trygt lokalsamfunn** av WHO. Som del av partnerskapsavtalen med Hordaland fylkeskommune om satsing på folkehelse er det tilsett folkehelsekoordinator som vil koordinera arbeidet.

(jfr. Hst- sak 006/08) Finansieringa er med 50% tilskot frå Fylkeskommunen, som tok initiativ til samarbeidet.

Årleg vert det utarbeidd og gjennomført eit program i samsvar med dei 6 godkjenningsskriteria for eit trygt lokalsamfunn.

Sjå informasjon øvst på heimesida som kan opnast bak dette



2.2 LØNS- OG PERSONALAVDELINGA

Talet på ordinære stillingar i avdelinga er som i 2007, bortsett ressurs til hovudverneombod, som vart politisk vedteke å auka frå 10% til 30% frå 01.07.08, jfr. Hst-sak 100/08.

Personaltiltak

Personalarrangementet for alle tilsette vert utsett til våren 2010.

Kurs og konferansar vert kutta med 65% prosent av budsjettet for 2008. Tiltak utover dette vert sett i verk dersom det lukkast å ordne ekstern finansiering.

Seniortiltak

Det var budsjettert med høgare uttak av seniorpolitiske verkemiddel i 2008 enn faktisk uttak. Etter kvar som seniorpolitikken vert meir kjent, må me forventa at fleire vil nytta seg av tiltaka. I forsikringsrådgevar Aon Grieg sin prognose er det foreslått satt av 1,1 mill til seniortiltak i 2009, men noverande nivå på kr 700 000 bør kunne vidareførast utan å auka det.

Utfordring

Arbeidet med å redusere uønska deltid held fram – bl.a. med nye tiltak gjennom innføring av alternative arbeidstidsordningar og gjennom intern utlysing av stillingar som stillingsauke. Dette arbeidet er i tråd med sentral tariffavtale.

2.3 IT

Utfordringar

Dei nasjonale føringane e-kommune 2012 og e-Norge planane set ein del retningsliner for kva me skal halde på med. Desse planane inneber eit teneste utviding mot innbyggjarane i kommunane særskilt med tanke på å leggja fram data til Min side konseptet. Kort fører dette til at brukarane skal kunne få oversikt over td betalingsinformasjon, tenester som heradet leverer til den einskilde mv på nettsidene til heradet.

Dette prosjektet og mange andre krev store faglege utfordringar av ikt, samtidig som me skal tilby stabil drift og oppfølging av dei tilsette. Ein krevjande jobb som kvar einskild kommune i landet må gjennomføra. Derfor er Kvam herad med på fora i distriktet som skal sikra samarbeid, og me arbeider med særskild med Voss og Kvinnherad kommune på driftsløysingar, prosjekt og utveksling av kunnskap. Me vonar og at me skal kunne utvide desse fora og samarbeidsområdet ein del i året som kjem.

2.4 STAB

Under eininga har rådmannen samla ansvaret for nettsidene, pressekontakten, arkivet, resepsjonen i rådhuset og biblioteket i eininga, politisk sekretariat og informasjon

Status

Rådmannen meiner kvemmingane er godt informerte om verksemd og hendingar i heradet
Biblioteket har gode kår.

Utfordringar

Politisk:

- 2009 er valår, Stortingsvalet vil gje ein ekstra kostnad på ca kr. 200 000,- (valet i 2005 kosta kr.160 000).
- Det vert no stilt større krav til universell utforming av vallokale, og tilrettelegging av elektroniske val er i startgropa. Vi har i dag 12 røystekrinsar, med varierende kvalitet på lokala.
Kvam herad bør redusera talet på røystekrinsar. Ut frå eit administrativt synspunkt ville 5 krinsar vera høveleg for Kvam (Strandebarm, Tørvikbygd, Norheimsund, Øystese og Ålvik).
- Personalressursen ved politisk sekretariat er auka med 100% frå hausten 2008. Pga langtidfråvær kjem kostnadseffekt og ”avlastningseffekt” først i 2009.

Bibliotek:

- Nytt bibliotek i Ålvik vil medføra auka leige på kr. 150 000 + straum og kom. avg. I tillegg vil det vera behov for inventar ca 200 000 (Ålvik / Strandebarm).

Informasjon

- Stillinga som informasjonssjef vert inndrege.

Drift og investering fellessystem

- Oppgraderinga av ”Ansettelsessak” med Websøknad vert utsett. Den statlege satsinga på e-forvaltning vil nok før eller seinare få konsekvensar for Kvam herad og. Sjølv om vi ikkje er i tet lenger, må vi hengja med på lasset.

Kantine

- Vidareføring av 2008 nivå.

Politi og rettspleie Rettslokale.

- Sorenskrivaren og andre brukarar har gjeve klar tilbakemelding om at rettslokala i Kvam ikkje er tilfredsstillande, og har bedt kommunen finna alternative lokale. (I løpet av 2009 bør vi ha nye lokale på plass, evt vurderer å vera utan eigne rettslokale i Kvam. Leiga er i dag kr. 100 000,- pr år, men vi må forventa å betala meir for nye lokale. Rådmannen vil seia opp avtalen. Gjeldande avtale har 12 mnd oppseiing).

Overformynderi

- Nivået på godtgjersla til overformynderiet bør vurderast.

Oppussing rådhuset

- Prosjektet er ikkje avslutta. Det er trong for at FDV –bygg kjem med prioritert oversikt over vedlikehalds- /rehabiliteringsbehov for Kvam rådhus. Muggsopp i bygget indikerer at det er lekkasjar ymse stader!

2.5 BARNEHAGE

Eining for barnehage skal planleggje, drive og føre tilsyn med barnehagane i heradet. Det omfattar ansvar det pedagogiske innhaldet, personalansvar og tiltak som fører til at alle born kan dra nytte av opphaldet i barnehagen, som ekstra tilsette for barn med særskilde behov og rapporteringsansvar til andre instansar.

Status

Kostnadsdrivarar i barnehagane er bemanningsfaktor, struktur, lovpålagde krav, utviklingstiltak, tilskot til private barnehagar

Det er full barnehagedekning i Kvam, men likevel mange som opplever at dei står i barnehagekø. Paradokset skuldast at fleire ikkje får barnehageplass i eiga bygd. Dertil er mange lite nøgde med standarden på barnehagane. Heradet har planer og pengar til nye barnehagar. Men arbeidet tek tid, dels fordi barnehageutbygginga i Øystese er blitt vikla inn i ordsiftet om ny skulestruktur og dels fordi det har tatt si tid å få på plass den kommersielle barnehagen i Norheimsund. Planarbeid er i gang for utviding av Tørvikbygd barnehage. Situasjonen vert monaleg betre i 2009.

Utfordringar:

Nok barnehageplassar.

- I barnehageplanen er det eit mål å gje alle barnehageplass innanfor den krinsen dei søker til
- Fleire foreldre ynskjer barnehageplass til yngre born, det er pr. i dag fleire born under eitt år i barnehagane i Kvam. Foreldra ynskjer fem dagar eller utvida frå to til tre dagar.
- Det ser ut til å bli venteliste pr. 01.01.2009.

Utbygging av fleksible barnehagar med kvalitet tilpassa nye krav og forventningar.

- Plan for barnehagebygg frå 2007 krev gjennomgang av alle barnehagane sitt arealbehov. Utbyggingsplanen må vera todelt; tilfredsstille behov ein har i dag samt plan for korleis ein kan venta auka verksemd og krav. At borna vert stadig yngre er og ei utfordring i høve utrustning og utstyr.
- Halda fram prosessen med godkjenning og tilsyn med miljøretta helsevern i skular og barnehagar

Rekruttering.

- Veksten av plassar siste åra har auka behovet for fagutdanna personar, både førskulelærarar og barne- og ungdomsarbeidarar. Satsar på at ufaglærte tilsette tek utdanning.
- Arbeida målretta for å sikra personell med førskulekompetanse.
- Når det gjeld pedagogiske leiarar har vi p.t. 8 personar i stillingar med dispensasjon frå kompetansekravet. Det er vanskar med å få tak i vikarar, både ved sjukdom og ved kursavvikling.

2.6 SKULE

Skuleavdelinga gir grunnskuleundervisning etter opplæringslova, skulefritidsordning, vaksenopplæring for ulike grupper og kulturskule. Avdelinga skal leggje til rette for eit godt læringsmiljø for elevane. Omtale av PPT, sjå under ”Barnevern, sosial og kommunehelsetenesta”

Status

Kostnadsdrivarar er struktur, rekruttering og statleg satsing. Kostnadsdrivande er også tilbod om skulefritidsordningar i alle bygdene der det i dag er skule, og omfang og kvalitet på lovfesta tilbod om kulturskule.

Det er viktig å utnytta dei driftsformene ny struktur opnar for. Elevane sine prestasjonar verkar å vere gode. Nye skulebygg inspirerer. Heradet får etter kvart skulebygg med høg eller særskilt høg standard. Leiarane i heradet har mykje forsoningsarbeid framfor seg for å skape dugande fellesskap på skulane. Det vert avgjerande å ta vare på og utvikle dei som arbeider der. Kunnskapsløftet og masterstudiar for rektorar og inspektørar er viktige i så måte.

Budsjettet er sett i høve til gjeldande skulevedtak om to ungdomsskular. Driftsnivået elles ligg på det same som for opphavleg budsjett for 2008.

Elevtal pr. nov. -08 viser trendar for elevtalsutviklinga:

ELEV TAL

Skoleår: 07-08

Kommune: KVAM
Kommunenr: 1238

Utskrift, dato:
10. nov. 2008

Skole	1.tr.	2.tr.	3.tr.	4.tr.	Sum 1.-4. årstrinn	5.tr.	6.tr.	7.tr.	Sum 5.-7. årstrinn	8.tr.	9.tr.	10.tr.	Sum 8.-10. årstrinn	Sum alle årstrinn
Norheimsund barneskule	25	35	25	20	105	24	27	30	81	0	0	0	0	186
Steinsdalen skule	4	4	9	4	21	9	11	4	24	0	0	0	0	45
Tervikbygd skule	9	5	8	9	31	2	6	5	13	0	0	0	0	44
Vikoy-Aksnes skule	6	5	4	9	24	9	10	4	23	0	0	0	0	47
Øystese barneskule	31	43	37	24	135	33	38	30	101	0	0	0	0	236
Strandebarm skule	13	14	13	17	57	17	17	18	52	18	22	22	62	171
Årvik skule	8	6	8	10	32	4	5	10	19	4	6	5	15	66
Norheimsund ungdomsskule	0	0	0	0	0	0	0	0	0	41	54	55	150	150
Øystese ungdomsskule	0	0	0	0	0	0	0	0	0	58	41	46	145	145
Sum for kommunen	96	112	104	93	405	98	114	101	313	121	123	128	372	1,090

* I aldershomogene klassar er klassesdelingstallet 28 for barnetrinnet og 30 for ungdomskuletrinnet.

Utfordringar:

Personell:

- Lærarressursar følgjer dei reglane for klassesdeling som er gitt sentralt, ut frå elevtal, fordeling i aldersgrupper, etc. "Gamle" klassesdelingsreglar frå før Kunnskapsløftet er sagt i Stortinget skal gjelda for ressursbruken. Klassesdeling og bruk av ekstraressurs er sjølv sagt ut frå fagleg vurdering.
- Rekrutteringsarbeid. Siste åra har synt oss at arbeidsmarknaden for pedagogisk personale er endra. Der Kvam tidlegare hadde lange søkjarlistar, har me siste året med eit naudskrik makta få tilsett folk i alle stillingar.

Kunnskapsløftet:

- "Kunnskapsløftet – frå ord til handling" vil halda fram som prosjekt ut skuleåret 2008/09. No er berre Strandebarm skule involvert i prosjektet. Samarbeidet med NLA og VilVite-senteret i Bergen er ein del av det godkjende prosjektet.
- Komptanseutvikling vil vidareførast med samarbeid i regionen. Til no er det berre norsk på "grunnfags-nivå" som er planlagt start vårsemesteret 2009. Kortare kurs dels i regi av eigen skule, dels i regi av regionen vert ført vidare. Dette er eit arbeidsfelt som kan gi positive impulsar til tilsette som gjennom fleire år har kjent arbeidssituasjonen meir eller mindre vanskeleg.
- "Ekstern skulevurdering" – prosjektsamarbeidet i regionen vil halda fram. Det er lagt opp til ein turnus der skulane i Kvam får tildelt reglemessig vurdering. Opplegget er i samsvar med noko av det staten legg opp til m.a. i Stortingsmelding 31 (2007/08) – Kvalitet i skolen.
- Elektronisk læringsplattform – It's Learning. Brukarane treng vidare opplæring og motivering for å utnytta verktøyet effektivt i Kvam. Lærarane har no bærbar PC. Tilgangen på elevmaskiner er og relativt god.

Skulefritidsordninga

- Skulefritidsordninga vert ført vidare som no.

Kulturskulen

- Det er lovfest eit minimumstilbod for kulturskule. Kvam har hatt ambisiøse mål for dette tiltaket. Dette vert ført vidare.
- "Den kulturelle skulesekken" vert administrert av rektor i Kulturskulen. Tiltaket er statleg initiert. Gir viktige kulturimpulsar til elevar og tilsette. Vert vidareført på same nivå i 2009.

Skulebygg

- Kvam har fått på plass gode skulebygg. Strandebarm og Tørvikbygd kjem på plass før 2009/10. I Øystese er situasjonen god. Barneskulen treng nokre tiltak utan at det er akutt. Ålvik er og i same situasjonen.

2.7 PLEIE OG OMSORG


Pleie og omsorg har ansvar for å gje individuell hjelp til dei som treng omsorg, behandling- og pleie, gjennom ulike heimetenester og institusjonsomsorg. Frå 2008 er også psykiatrisk heimesjukepleie og støttekontaktordninga lagt til eininga.

Staten legg sterke premisser for pleie- og omsorgstenesta. Omsorgsplan 2015 – som tuftar på Stortingsmelding 25: ”Mestring, muligheter og mening” er den statlege strategien for å møte utfordringane, m.a. med nytt investeringstilskot som eit nytt statleg agn for kommunane for å auka tal sjukeheims plassar og omsorgsbustader.

Utsikter

- **Fleire eldre.** Diagrammet under viser at det vert fleire av dei eldste eldre, men heradet står ikkje overfor ei ”bølge” dei nærmaste åra.
- **Større pleiebehov.** Helse Bergen skriv pasientar tidlegare ut i frå sjukehus, det gjev nye og større oppgåver.

Utvikling av tal eldre i Kvam fram til 2035:



Diagrammet viser at det er ein nedgang frå 2025 til 2035 for aldergruppene 60 – 79 år, medan dei som er mellom 70 – 79 år i tidsperioden 2015 til 2025 vil medføra ein stor vekst av eldre 80 – 89 år i perioden 2025 – 35.

Status

Kostnadsdrivarar er standardar i vedtak i høve til lovkrav, struktur, bemanningsnorm, rekruttering (akutte behov og bruk av bemanningsbyrå). Kostnadsdrivarar vil også vera kva statsråden legg fram 01.04.09 med omsyn til samhandlingsstruktur mellom kommunane og spesialisthelsetenesta.

Tenesta har dei siste åra vore gjennom omfattande omstillingsprosessar der kravet til effektivitet og best mogleg utnytting av ressursane har vore i fokus. Tenesta har sidan tidleg på 90- talet arbeidd målretta for å utvikla tenestetilbodet og tenesta er i dag relativt godt tilpassa innbyggjarane sine behov.

Politisk vedtekne målsetjingar har vore styrande for utvikling og organisering av tenesta og

hovudmålsetjinga om ei fleksibel og styrka heimeteneste og lik ressursfordeling til heimetenester og institusjonsdrift er nådd.

Utfordringar:

Fagleg innhald

- å greie oppretthalde tenestenivået på dagens nivå
- å vidareutvikla tenesta med fokus på ” spissing ” av tilbod og å etablera gode samhandlingstrukturar med helseforetaket/ 2. linjetenesta .

Brukarar:

- Den største veksten i tal eldre kjem først etter 2015, men dagens situasjon med fleire demente, nye brukargrupper og tidleg utskrivning frå sjukehus stiller krav til nye arbeidsformer og endra kompetanse
- leggje ut meir informasjon om tenesta på heimesida, også slik at dette kan brukast som brosjyremateriell.

Personellbehov, kompetanseutvikling og rekruttering

- redusere sjukefråværet i tråd med trend i 2008
- kompetanseutvikling med fokus på grunnutdanning, etter- og vidareutdanning (t.d. leiarar bufellesskap)
- i større grad klara å rekruttera lærlingar (2008: 7 lærlingar)
- Pr. i dag er det mangel på arbeidskraft, ein situasjon dei fleste kommunane opplever. Det er viktig å setja i verk ulike tiltak både med tanke på å behalde arbeidskraft og rekruttere inn ny arbeidskraft, t.d. samla rehabiliteringsavdelinga med korttidsavdelinga for å halda tilbodet ope i sommarferien).
- arbeide vidare for færre deltidstilsette og større stillingsheimlar
- gjennomføre medarbeidarundersøking med mål om betre resultat knytt til tidspress og organisering
- innføre elektronisk turnusprogram og prøve ut fleire alternative arbeidstidsordningar
- vidareutvikla bruk av elektroniske tenester internt og i samhandling med spesialisthelsetenesta.

Spesielt fokus på tenestetilbodet til psykisk utviklingshemma

- vurdere organsiering og fagleg innhald.

Psykisk helse

- Opptrappingsplan for psykisk helse er inne i sitt siste år og det er viktig at kommunen vidarefører dei mange gode tiltaka som alt er i gang, t.d. gode bustadtilbod og dag-aktivitetar.

Støttekontaktordninga

- Rekruttering av støttekontaktar.
- Det er starta ein prosess med å vurdere alternative modellar for organisering

2.8 BARNEVERN, SOSIAL- OG KOMMUNEHELSETENESTA

Eining for helse- og velferd har ansvaret for barnevern, fysioterapi, helsesystemtenesta og PPT. Skjenkekontrollen er overført til rådmannen.

Frå 2008 rapporterer dei kommunale NAV-tenestene, sosialtenesta og flyktningavdelinga direkte til rådmannen. NAV-oppgåvene er rådgjeving og økonomisk stønad/kvalifiseringsprogram, rusførebyggjande arbeid, særlege tiltak for rusmiddelavhengige i kommunen, både behandling og ettervern, butilbod til bustadslause, oppfølgingstenester til dei som treng det, gjeldsrådgjeving, formidling av Husbankmidlar, busetjing av flykningar. Legetenesta er frå 2008 i stab hos rådmannen.

Status.

Kostnadsdrivarar er tal sosialhjelpsmottakarar, normering (Kvam føl statleg norm), uforutsette situasjonar p.g.a. auka arbeidsløyse og høgare bukostnader.

I Kvam har vi hatt stabil bemanning over mange år, både i barnevern, sosial og kommunehelsetenesta. Dette er viktig for å førebyggja at vanskar utviklar seg. For å vidareutvikla dette er det oppretta eit konsultasjonsteam som kan nyttast av barnehage, skule, foreldre og ungdomar direkte. Konsultasjonsteamet er samansett av barnevernesleiar, leiande helsesøster, PPT-leiar og kommunal psykolog. Psykologen er drivkrafta i dette arbeidet. Arbeidet er i tråd med nasjonale føringar som påpeikar behov for eit heilskapleg syn på tenester og tiltak.

Utfordringar.

- Den enkelte brukar skal ha reell påverknad på den hjelpa dei får. Betre samordna tenester og samarbeid på tvers av avdelingar og einingar er ei viktig målsetting og er ofte avgjerande for at brukar opplever seg godt ivareteken.
- Hjelpetenestene må i enda større grad vera premissleverandør for arbeidet i andre einingar, t.d. initiere kurs innan barnehage og skule i høve problemstillingar som bør fangast opp tidleg slik at ein får setja i gang tiltak for å unngå at problema får uønska utvikling.

Barnevern

- Få senka terskelen for å ta kontakt med barnevernet, gjeld både foreldre og samarbeidspartar.
- Vidareutvikla tiltaksarbeidet i lag med m.a. Kvam Voss familiesenter med vekt på heim- og nærmiljøarbeid.
- Vidareutvikla samarbeidet med Buf-etat både økonomisk og på tiltakssida.

Helsesøstertenesta

- Vurdera sentralisering av oppgåver
- Sjå på oppgåvefordelinga mellom helsesøster, jordmor og fastlege.
- Krav om nye oppgåver t.d. gjennomføra programmet, "Godt samliv" for førstegongsforeldre.
- Fødande kjem i dag ut tidleg frå fødeavdelingane, det gjer at presset på helsesøster er aukande i høve oppfylgjing av både nyfødde og foreldra.
- Livsstilsproblem, særleg kan nemnast fysisk inaktivitet, fedme og røyking/alkoholbruk, veving av unge.

Fysioterapi

- Ha meir fokus på førebyggjande arbeid
- Fremja meir fysisk aktivitet for inaktive.
- Eit mål å halda på og auka gruppetilbod til personar med kroniske lidningar og spesielle diagnosar.

PPT

- Få fram dokumentasjon om auka behov for førstelinetenester i logopedi, psykologi og familierådgeving.
- Skulane i Kvam treng meir spesialpedagogisk kompetanse for å gje elevar med spesialundervisning betre oppfylgjing.
- Tett hjelp og oppfylgjing ved skulevegring er tidkrevande tverrfagleg arbeid.
- Tenesta skal ifylgje fylkesmannen produsera skriftleg sakkunnig vurdering til alle tilviste, dette medfører ein vesentleg auke i lovpålagt oppgåve.

NAV Kvam:

Sosial- og flyktningetenesta vart 2007 samorganisert med tidlegare trygdekontor og arbeidskontor i NAV-kontoret i Kvam. Utfordringane innan budsjettet:

- God språkopplæring er viktig for at nytilflytte skal trivast, og arbeid er avgjerande for om dei blir buande.
- God informasjon til alle samarbeidspartar og til innbyggjarane i Kvam
- Kvalifisering for arbeid og aktivitet i høve å arbeida mot fattigdom.
- Oppretthalde og styrkja gjeldsrådgeving og tiltaksarbeid for å redusera bruk av økonomisk sosialhjelp
- Tett oppfølging slik at dei som treng det, kan delta i høve til utdanning, arbeid, aktivitet og behandling. Gje fleire brukarar med sammensette problem auka livskvalitet og bedre levekår.
- Organisera tverretatleg rusførebyggjande arbeid blant unge og vaksne .
- Sikra enda betre tverrfagleg samarbeid og ansvarsdeling.
- Busetjing/oppfylgjing av 30 flyktningar i året er ressurskrevjande på fleire område.
- Skaffa språkpraksis og praksisplassar og kartleggja/godkjenna formell utdanning.
- Sikra kompetente medarbeidarar - ressurskrevjande i høve opplæring/omstilling/omorganisering parallelt med dagleg drift.

Det er grunn til å tru at NAV-kontoret får aukande oppdragsmengd på fleire felt i 2009 i kjølvatnet av økonomiske krisetider. Det er då viktig å ha fleksibilitet i høve til å justera bemanninga undervegs.

Legetenesta

I Kvam har vi bygt opp ei god, stabil og robust legeteneste over år. Fastlegane er lett tilgjengelege.

I 2009 vil legeteneste, saman med dei andre helse- og sosialfaglege tenestene, ha spesielt fokus på :

- Samordna tenestene med ny skulestruktur
- Folkehelsearbeidet skal ha meir systematisk fokus, der målet er å minka skilnader i folks helsetilstand. Det er inngått partnerskapsavtale om folkehelse med Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland.
- Folkehelsekoordinator (innan ½ stilling) har også oppgåva å utvikla samhandlinga mellom tenestene i ”Plomma” (miljøretta helsevern)
- Infeksjonsførebyggjande tiltak knytt til auka reiseverksemd i Kvam.
- Infeksjonsførebyggjande arbeid i samband med arbeidsinnvandring.
- Førebu elektronisk samhandling med spesialisthelsetenesta. Kvam er ein av 30 kommunar som er plukka ut til å vera med i Samspillkommune prosjekt-30 i 2008 – 2009.
- Nye statlege krav til auka legeressurs i sjukeheimar skal gjennomførast i 2009.
- Flytta rehabiliteringsavdelinga og samlokalisera den med korttidsavdelinga på Toloheimen, noko som medfører omdisponering av pleie – , fysioterapi – og legeressursar.
- Arbeida med planar for flytting av legevakta til Toloheimen knytt opp til kortids- og rehabiliterings-avdelingane og arbeida for etablering av DMS-tilbodet (DistriktsMedisinsk Senter)
- Ivareta psykiatrien etter at det er slutt på øyremarka midlar frå 2009.

2.9 TEKNISK

Teknisk eining har ansvaret for vassforsyning, avlaupshandtering og renovasjon (VAR), samferdsel, brann - og redningsteneste, park- og friområde, bygg- og eigedomsdrift, nyanlegg og utbygging (prosjekt).

Status

Nokre av tenestene skal vera gebyrfinansierte, t.d. vassforsyning, avlaupshandtering og renovasjon. Kostnadsdrivarar er klima, statlege krav, struktur (t.d. brann-tenesta)

Drift av vassforsyning og avlaup er god, med levering av god kvalitet, relativt få avbrot og rimelege gebyr.

Kravet til kvalitet og stabil drift er aukande, og det må difor kontinuerleg arbeidast for å bli endå betre på leveransetryggleik. Gjennomførde og planlagde utbyggingar av ledningar og anlegg, og oppgradering/ utbetring av eksisterande, gjer at kostnadene aukar . Ein kjem difor ikkje unna gebyrauke i 2009.

Renovasjon er drive av BIR; der Kvam er medlem. Gebyra har der vore uendra dei siste åra, men vesentleg grunna innføring av plastsortering vil dei gå noko opp i 2009 .

Samferdsel er i hovudsak kommunale vegar. Gjennomgang av standardar og omfang blir gjort gjennom ”kommunal vegplan” – denne blir berre delvis ferdig til budsjett 09. Detaljane vil koma som eiga sak 2009. Utfordringar knytt til tryggleik ved vegnettet (ras mv.) er aukande.

Status for dekkekvalitet har betra seg i løpet av siste 5-årsperiode, men det bør vera eit mål å halda gjennomsnittleg fornyingstakt av dekker under 20 år – dvs. 5-6 km. pr. år.

Trafikktryggleik er eit fokusområde – jfr. Kvam sin deltaking i ”Safe Community”.

Reduksjon av trafikkulukker er diverre ikkje oppnådd etter målsettinga – ulukkene er stort sett knytt til riksvegnettet. (særleg Rv7).

Brann –og redningstenesta. Utdanningsnivået for mannskap har betra seg monaleg seinare år, og vil i løpet av dei neste par åra vera gjennomført m.o.t. grunnutdanning. Kravet om skarp øving innan røykdykking kan frå medio nov. -08 gjennomførast i eige korps. Dugnadsinnsats medførte at eigne øvingslokale no er ferdig, noko som vil gje sparing på drift.

Rasjonalisering av talet på stasjonar og bilmateriell må gjennomførast .

Bygg – eigedomsdrift vil få nye eigedomar å forvalta i 09 – (Strandebarm skule/idrettsanlegg, ny u.skule Øystese). Det blir tidlegast i 2010 lagt opp til at drift av idrettsanlegg i større grad skal vera kommunal.

Utfasing av bygg (i særleg grad skular) og innsparingar ved det er ikkje gjort i det omfang som før var lagt til grunn. Dette må gjennomførast.

Standard på kommunale bygg/eigedomar er ikkje av dei dårlegaste samanlikna med andre kommunar, med det er ynskjeleg med ein heving av standard.

Park – og friområde blir drive innanfor relativt små rammer og med streng prioritering av innsatsen. Tilrettelegging av det sentrale området Holmsund (Norheimsund) er gjennomført og vil bli vidareført, dels med tilskotsmidlar. Vedlikehald

Nyanlegg og utbygging (prosjekt) har vore svært omfattande seinare år – budsjettert prosjektomfang under ansvarsområdet var i 2008 t.d. på 200 mill. Det vil gje innsparing på vedlikehaldsbudsjettet. For den komande økonomiplanperiode reknar vi med at det blir mindre – størst aktivitet vil bli knytt til VA – området som er sjølvfinansiert.

Utfordringar

Personell

- kompetanse utvikling for tilsette: Krav til kompetanse er aukande for alle fagområda. Å oppretthalda og vidareutvikla tilsette er difor eit område som er særskild viktig
- rekruttering : Talet på tilsette framover vil ein rekna med er relativt stabil , evt. flytting av tenester ut frå eininga eller til eininga vil påverka det.
- rekruttering etter avgang (pensjonering, overgang til anna verksemd m.v.) vil vera ei oppgåve som må løysast. Særleg innafor ingeniør-skiktet har det vore vanskeleg dei seinare år. Det er ynskjeleg å fortsetja med tilrettelegging for arbeidstakarar slik at dei held fram i arbeid.

Utstyr

- Det må vera samanheng mellom forventningar til tenesteproduksjon og hjelpemidlar til å utføra dei.
- Tenestene som blir levert frå teknisk eining er utstyrskrevjande – det trengst godt verktøy for å gjera ein god jobb. Rasjonell utnytting , og handlingsrom til å fonya/supplera når det trengst vil vera ei utfordring når dei økonomiske rammene blir reduserte. Langsiktige fornyingsplanar for tyngre investeringar (kjøretøy, maskiner) vil vera eit godt virkemiddel

Oppgåvene

- Sjølv om det ikkje kjem til nye oppgåver i og for seg, blir dei stadig meir komplekse og kompetansekrevjande.
- Sårbarheit er eit anna stikkord – forventning til responstid blir høgare, konsekvensane ved feil / uhell ofte større – faktisk og økonomisk.
- Gode beredskapsordningar (vaktordningar) kostar, men er ein føresetnad for tilstrekkeleg tryggleik.
- Vi ser og auka forventningar til vår generelle beredskap og innsats ved naturskader og -hendingar -jfr. St.meld.22-2007/2008, samfunnssikkerhet, og konkrete hendingar her og i andre kommunar. Dette stiller krav til innsatskraft (kompetanse, personell, beredskap, øvingsomfang) og til økonomi. I særleg grad er teknisk eining berørt av dette.

2.10 KULTUR OG IDRETT

Status

2008 har vore eit aktivt år for kulturavdelinga med Hauge-Tveitt jubileum og etablering av Hardangerlokk. Kulturavdelinga er også ein aktiv medspelar for å stimulere til aktivitet i Kvam. Gamlebanken i Norheimsund er no etablert som kunstsenter, og søknad om godkjenning av Hardanger Kunstsule er sendt til undervisningsdept. Søknad om midlar til Soltorp vert også sendt i 2008. Kvam driv eigen kommunal kino. Det har vore stor auke i aktivitet frå 2007 til 2008. Ungdomens kulturmønstring, datatreff (LAN) og Harding Rock Cafe er noko av det som er arrangert for ungdom. Kvam har tilbod for funksjonshemma ungdom om tilrettelagte fritidsaktivitetar. Tilbodet er svært populært. Ny samarbeidsavtale med hardanger Voss Museum er under utarbeiding. Kulturavdelinga har sterkt fokus på å byggje eit godt omdøme for kulturlivet i Kvam og regionen.

Utfordringar kultur

Personell:

- Innsparing av ein 100% stillingsressurs vil føre til behov for reduksjon av arbeidsmengd eller tenestetilbod.

Økonomi:

- Ved å oppretthalde budsjettnivå for 2008 har ikkje eininga midlar til å drive utviklingsarbeid. Ein må også redusere noko på aktivitet for ungdom, og det aktive arbeidet som vert gjort i samarbeid med initiativtakarar i kulturfeltet.
- Det vert mindre tilskot til festivalar.

Kvammalokk/Hardangerlokk:

- Hardangerlokk har direktør i arbeid frå 1. januar 09, og er elles styrt gjennom Flytt til Hardanger.
- Kultursjefen i Kvam er leiar for delprosjektgruppa i Flytt til Hardanger, og vil måtte bruke ein del tid på det.

Kulturhus:

- Skal Kvam oppretthalde søknad om midlar til Hardinghuset?
- Nye kalkylar må utarbeidast.

Ungdomsarbeid:

- Kulturkontoret har ikkje personell til å satse på ungdomsarbeidet utover sakshandsaming og tildeling av kulturmidlar til formålet. Det vil vere behov for å kjøpe tenester i den grad det er å få kjøpt.

Kulturelle spaserstokk:

- Kvam har søkt midlar til arbeid med den kulturelle spaserstokken, og er klar med tiltak om det vert tildelt midlar.

Utfordringar idrett:

Idretten i Kvam:

- Idretts- og friluftsansjonane i Kvam femnar om eit breitt utval av aktivitetar. Desse aktivitetane opptek mange av innbyggjarane i Kvam og dei fungerer derfor som viktige arenaer for samfunnsbygging. Kvam har eit godt utvikla idretts- og organisasjonsliv der folk engasjerer seg i frivillig arbeid.
- I eit folkehelseperspektiv er dei ulike ansjonane eit viktig bidrag til at folk kjem seg ut, treff andre, går tur i lag, held på med ulike aktivitetar m.m.

Anlegg:

- I Kvam har det sidan 2000 vore satsa stort på utbygging av idrettsanlegg. Det er blitt bygd 7 større sentrale anlegg idrettsanlegg med ein kostnad frå 5 mill kr. og opp til 26 mill.kr. Ved sida av dette er det oppført ei rad mindre anlegg samt utbetringar på eksisterande.
- Denne satsinga gir oss ein del utfordringar på driftssida.

Idrettsmeldinga:

- Meldinga hadde som målsetting å skaffe oversikt over situasjonen på anleggsfronten. Den tok for seg ulike former for eigarskap og tilskot.
- Vidare gav den retningsliner for drift, eventuell kommunal overtaking av privat eigde anlegg og vidareføring av tilskotsordningar. Modellen for denne delen av arbeidet var henta frå Askøy kommune.

Økonomi:

- Anlegga som er bygd er meir komplekse og kostnadskrevjande å driva, og dei krev kontinuerlig vedlikehald.
- Alle anlegga er oppført ved hjelp av spelemidlar og det føl derfor driveplikt med. Dette medfører at heradet må setje av midlar til drift / vedlikehald og renovering av desse anlegga.
- Idrettsmeldinga stipulerte derfor med ein ekstra kostnad på ca. 1 400 000,- kr til dette. Desse midlane er tenkt å dekkja kostnadane ved sentrale utandørsanlegg.
- Meldinga vert ikkje sett i verk i 2009.

2.11 NÆRING

Eining for næring er pr. i dag plassert i rådmannen sin stab. Tenestene er Landbrukskontor, landbruksvikar, skogkultur, faste næringstilskot, næringsprosjekt, tilrettelegging og opparbeiding av industrifelt, miljøforvaltning, viltforvaltning, forvaltning etter viltlova, reiseliv.

Status

Næringslivet i Kvam har hatt gode år dei seinare åra. Det er likevel for lite nyetableringar om ein samanliknar med andre område i Noreg. Ein har og ein tradisjonell næringsstruktur som kan gje ekstra utfordringar dei neste åra.

Å utvikla kommunen som eit attraktivt område for etablering er viktig. Kommunen må ha ressursar til å medverka til infrastrukturtiltak.

Utfordringar

Landbruk

- Innan landbruket i Kvam har det vore store strukturelle endringar. Mange små einingar er lagt ned og andre er vorte større slik at produksjonen er oppretthalden. Kvam har mange og flinke aktørar innan landbrukstilknytta næringar som inn på tunet, gardsmat, bygdeturisme, hyttebygging og anna reiseliv.
- Ei hovudutfordring er å sikra generasjonsskifte og vidare drift av landbruksarealet. Det må difor stimulere til satsing og omstilling i landbruket
- Kvam må følgja opp "Økoløft" saman med Voss kommune og vidareutvikla Fykkesund Landskapsark.

Næringsareal

- Kvam er nesten utan næringsareal i sentrale område. Opparbeiding av Sandvenhagen – Mo, endring av reguleringsplanen for Busdalen og oppstart av regulering i Oddesvik er viktige tiltak.
- I Ålvik må Kåskjer leggjast til rette for ny næring.

Tilflytting

- Næringsavdelinga har hatt ansvaret for prosjektet "Flytt til Hardanger". I første halvår 2008 har ein klart å snu flyttestraumen til Kvam. Det vert lagt opp til ei større satsing i 2009. Ei hovudutfordring er å skaffa hus.

Omstilling

- Omstillinga i Ålvik, gjev nye moglegheiter for staden, både for menneske og bygningar. Utfordringa kan like gjerne verta tilgang på folk, som nyskaping av arbeidsplassar. Ålvik Vekst KF har komme godt i gang, med fokus på miljøvenleg industri. Arbeidet må følgjast opp for å sikra Ålvik Vekst KF gode arbeidsvilkår.
- Kvam herad må vidareføra arbeidet med etablerarkurs og elevbedrifter
- Kommunen må og skapa grunnlag for nye arbeidsplassar – mangfald - store og små

Kulturbasert næring - reiseliv:

- Saman med kulturkontoret må Harangerlokk utviklast til eit viktig regionalt prosjekt, og eit flaggskip i planarbeidet.
- Utvikla området rundt Steinsdalsfossen som ein del av turistvegsatsinga
- Opplevingsaktivitetar – kopling mot næring/turisme:
 - betre utnytting av friluft/natur ressursar, gjennom tilrettelegging av guida opplevingar i nærmiljøa/heradet.
 - opparbeiding av betre turkart (fleire typar).
 - opparbeiding av og etablering av gamle/nye turstiar.
 - samarbeid mellom idrettslag/org. og turistnæringa.

Internasjonal satsing:

- 30 % stilling vert gjort om til internasjonal konsulent

2.12 OFFENTLEGE PLANAR

Organiseringa av plan arbeidet i Kvam er endra frå mars 2008. Det er gjort eit skilje mellom offentleg og privat planarbeid. Med denne endringa ynskjer rådmannen å spissa innsatsen for langsiktige planar og gjera fleire planleggingsoppgåver sjølve. Effekten av endringa vil ikkje skje før i godt ut i 2009.

Status:

Innafor rådmannen sin stab, offentleg planar, vil det frå november 2008 vera to personar som arbeider med plan. Samarbeidet med byggesak og private planar om bruk av felles ressursar er godt, og skal tilpassast den nye organiseringa inn i 2009. Fleire heile årsverk er overført frå planavdelinga til offentleg plan.

Utfordringar:

Kommunedelplanen for Kvamskogen:

Noko av det viktigaste offentlege planarbeidet for 2009, vil vera å få gjennomført og endeleg godkjent kommunedelplan for Kvamskogen. Arbeidet vil ta tid også i 2009, då det er stort sprik mellom regionale styremakter og kommunen sine interesser. Kommunedelplanen er hefta med mange motsegner frå Fylkesmannen. I budsjettet er det førelått å vidareføra prosjektet i 2009, med ei samla ramme på kr 450.000,-

Reguleringsplanar for infrastrukturen i Kvam

Arbeidet med å få på plass reguleringsplanar for infrastrukturen i Kvam, bør prioriterast for 2009. Statens vegvesen i samarbeid Kvam herad og Kvam bompengeselskap er i gang med regulering av strekkja frå Norheimsund til Vikøy. Arbeidet med dei andre bør prioriterast i 2009. Arbeidet er finansiert igjennom lån frå Kvam herad til Kvam bompengeselskap. Statens vegvesen er via konsulent, ansvarleg for å gjennomføra planarbeidet i tett dialog med kommunen.

Kommuneplanen sin arealdel

skal også vurderast av heradsstyret i denne perioden. Arbeidet er ikkje tatt med og heller ikkje finansiert i 2009. Arbeidet bør setjast i gang når kommunedelplan for Kvamskogen er på plass tidlegast 2010.

Andre reguleringsplanar:

- **Ålvik sentrum.** Kommunen vil i 2008 setja i gang med reguleringsplan for sentrum av Ålvik. Arbeidet vert finansiert med kompensasjonsmidlar for tapt arbeidsgjevaravgift. Planarbeidet er vidareført i 2009 og sett opp med ei ramme på kr 500.000,-
- **Ny skytebane.** Arbeidet med ny skytebane i Vangdalsåsen held fram og vert truleg avslutta i 2009. Utfordringa er å få på plass ein fleirbruksbane, utan at det skapar for

mykje støy i nærområdet. Arbeidet er finansiert via prosjekt. For planarbeidet er det ikkje trong for utviding av prosjektramma.

- **Ny barnehage Tørvikbygd.** Arbeidet med regulering av ny barnehage i Tørvikbygd vert starta opp i 2008 og vidareført i 2009. Reguleringsplanarbeidet vert finansiert via prosjekt, "Tørvikbygd barnehage – utviding". Det er føreslått å bruka kr 500.000,- i 2009

Følgjande reguleringsplanar ein vil arbeida med i 2009, men det må prioriterast innanfor kommunen sine samla konsulentmidlar:

- **Reguleringsplan Nanes - Steinstø,** som fylkesmannen tidlegare har oppheva. Her står det att å avdekka flater i delar av området, før planen kan takast opp på nytt. Avsett kr. 100.000,-.
- **Reguleringsplan for Laupsa,** privat plan med offentlege interesser i høve til friområde. Kommunen vil vurdere utviding av området til også å gjelda næringsareal i Oddevik. Det er berre sett av midlar til kommunen sitt planarbeid for friområdet og ikkje til den samla reguleringa. Kr 100.000,- er sett av kommunen sine driftsmidlar til konsulent.
- **Regulering Odland –Lidarende,** delar av Rv 4, vidarefinansiert med driftsmidlar. Arbeid som ikkje vart gjennomført i 2008, men som vart finansiert. Det vert sett av kr 80.000,-.
- **Reguleringsplan for Kåskjertippen i Ålvik:** Endring som vil gje fleire moglegheiter for meir tilgjengleg næringsareal i Ålvik. Planarbeidet vert finansiert via Ålvik Vekst.
- **Regulering av det gamle skuleområdet i Strandebarm I** samband med kommunen sitt sal, er det ynskjeleg å sjå på nye moglegheiter for bruka av området. Endringane krev ny regulering. Arbeidet er førebels ikkje finansiert i 2009.
- **Regulering av Busdalen.** Endring til ny tomt til barnehage. Bør endrast om ikkje det ikkje vert barnehage på staden. Prosjektet er førebels ikkje finansiert i 2009.
- **Reguleringsplan for badeland i Øystese.** Arbeidet med reguleringsplan tek også for seg offentlege oppgåver som kan verta løyst via planen. Prosjektet er førebels ikkje finansiert.

Strengare prioritering medfører at desse vert utsett til 2010:

- **Reguleringsplan for ny felles gravplass** er enno ikkje komme i gang, Prosjektet er førebels ikkje finansiert i 2009.
- **Reguleringsplan Vikøy prestegard,** var finansiert via driftsmidlar i 2008. Planarbeidet er ikkje gjennomført, og delar av det vil inngå i reguleringsplan for Vikøy - Norheimsund.
- **Regulering av Småholmene på Oma.** Kommuneplanen sin arealdel frå 2006 legg opp til bandlegging. Arbeidet må vera gjennomført innan 2010.
- **Regulering Straumbrua – Tolo.** Kommuneplanen har tilrettelagt for nye spennande bustadfelt i område mellom Straumbrua og småbåthamna på Tolo. Det same gjeld for andre bustadområde på strekkja Norheim – Tolo

2.13 BYGGESAK OG PRIVATE PLANAR

Frå mars 2008 vart avdelinga organisert i direkte line under rådmannen. Tenesteområdet er byggesak og private planar” og fagområda grunnnerv, informasjon og geodata.

Status

Avdelinga har pr september 2008 15 tilsette derav to har fått innvilga permisjon til feb/mars 09. Avdeling har fått tilført ekstra ressursar (18mnd) via KS sitt trainee program. Det er 73 % menn og 27 % kvinner på avdelinga. Turnover for perioden mai 2007-mai 2008 er 8,3 %. Det er lågt sjukefråvære .

Samanlikna med 2007 har kjerneoppgåvene minka målt etter tal innkomne saker. Samtidig har sakene kome inn seinare enn tidlegare år. Kombinert med nytilsetting har avdelinga i siste kvartal ikkje klart målsettinga om å halde fristregimet i pb-lova i alle byggesaker. Eit årsverk er gått ut.

Utfordringar

Kompetanse.

- Endringar i plan- og bygningslova og tilhøyrande retningslinjer som er gjort gjeldande siste året er relatert til lov om eigedomsregistrering (matrikkellova), strengare energikrav, avfallshandtering, mm. er følgd opp i sakshandsaminga.
- Kunnskap om lovverket, planar og rutinar er viktig for eit effektivt byråkrati, og derfor er ein eigen kompetanseplan under utarbeiding. Planavdelinga har fleire nytilsette og bruker ressursar til opplæring i samsvar med kompetanseplanen.

Oppgåver

- Nå budsjettmåla ved å halde tidsfristane, stimulere privat planlegging, auke sal av geodata og geodatatenester og erstatte konsulentbruk ved eigeninnsats. Sjekkpunkt 1. og 2 tertial rapportering.
- Nå måla i kompetanseplanen våren 09/vinteren 09.
- Revidere internt kvalitetssystem for det politiske og administrative arbeidet innan våren 09.
- Geodataplan for produksjon av geodata, kart og registerinformasjon. Hausten 09.
- Utarbeide estetiske retningslinjer for Kvam. Hausten 09.
- Starte registrering av BRA for alle bygg i Kvam m.o.t. eigedomsskatt.
- Utarbeida planprogram

3 Økonomisk oversikt 2009-2012

Driftsrekneskapet for Kvam herad inneheld store utfordringar i økonomiplanperioden 2009-2012. I budsjettet for 2008 mangla det over 30 mill. kr. for å oppretthalda drifta på same nivå som 2007. Trass i innkjøpsstopp på ein del driftskonti og ei generell innstramming av budsjetta med 1,0 %, ser det ut til at prognosen for 2008 stemmer godt.

Utfordringa for 2009 er om mogeleg like stor. Sjølv om rammeoverføringa frå staten og skatt på inntekt og formue aukar mykje, vert det ikkje råd å få drifta i 2009 i balanse. Hovudutfordringa er den store lønsveksten, høg lånegjeld og auka renteutgifter.

Heradsstyret vedtok i juni 2008 å ta ned drifta med om lag 2 %. Dette er det teke omsyn til i framlegget til budsjett for 2009. Drifta er redusert med nær tre prosent. Innkjøpsstoppen vert vidareført, og i tillegg er det skore ned på dei fleste postar. Innkjøpsbudsjetta er ikkje justert for prisstigning, her ligg også ei reell innsparing. Ledige stillingar vert inndrege med unntak av i pleie – og omsorg der det er vanskeleg å fylla ledige stillingar.

Målet er å oppretthalda tenestetilbodet som i 2008 og dekkja inn driftsunderskotet i 2009 med driftsoverskot i 2010 og 2011 ved at det vert innført eigedomsskatt frå 2010, sal av eigedomar og nedbetaling av lån. Investeringsplanen er omarbeidd for å unngå ytterlegare opplåning. I tillegg forventar vi at staten opprettheld sine overføringar som for 2009.

I tabellen som er vist nedanfor, er det fokusert på den **ordinære** drifta som viser dei reelle problemstillingane i Kvam herad. Når kommunen derimot skal rapportera offentlege tal, har drifta fram t.o.m. 2008 sett betre ut fordi meirverdiavgift frå investeringar vart inntektsført. No når investeringane vert betydeleg reduserte, vil derimot driftsproblema verta synlegare enn dei har vore dei siste åra.

Trass i 33 mill. kr. i auka inntekter, hovudsakeleg frå rammetilskot og skatt på inntekt og formue, aukar driftsutgiftene med 25 mill. kr. Av dette utgjer lønsauke inkl. sosiale utgifter 20 mill. kr. Avskrivningane aukar med 7 mill. kr. som følgje av dei store investeringane dei siste åra.

Totalt brutto driftsresultat viser eit underskot på 27 mill. kr. i 2009. Dette er 7 mill. kr. lågare enn prognosen for 2. tertial 2008.

Renteinntektene er justert ned som følgje av forventa rentenedgang og sal av obligasjonar for å dekkja investeringar og underskot i 2008. Renteutgiftene går også ned fordi ein del av lånegjelda er plassert på fastrente til 4,9 % effektiv rente og fordi det er ei forventning om rentenedgang. Det er ikkje planlagt opplåning i 2009.

Tross kutt i drifta, vert netto driftsresultat negativt. Det går mot eit underskot på 14 millionar i 2009.

Ordinær drift (eks. prosjekt og VAR)

DRIFTSINNEKTER		Ordinær drift 08	Ordinær drift 09	Ordinær drift 10	Ordinær drift 11	Ordinær drift 12
LN03	Brukarbetalingar	20	21	21	21	21
LN04	Andre sals- og leigeinntekter	22	23	24	24	24
LN05	Overføringar med krav til motyting	80	68	68	68	68
LN06	Rammetilskot frå staten	133	151	151	151	151
LN07	Andre statlege overføringar	30	36	36	36	36
LN08	Andre overføringar	13	18	18	18	18
LN09	Skatt på inntekt og formue	159	171	171	171	171
LN10	Eigendomsskatt	12	14	29	29	29
LN11	Andre direkte og indirekte skattar	3	3	3	3	3
LN12	Sum driftsinntekter	B	471	504	520	520
DRIFTSUTGIFTER						
LN14	Lønsutgifter	287	300	298	297	296
LN15	Sosiale utgifter	73	79	79	79	79
LN16	Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon	62	61	63	63	63
LN17	Kjøp av tenester som erstatter kommunal tenesteproduksjon	21	18	18	18	18
LN18	Overføringar	44	48	48	48	48
LN19	Avskrivningar	21	28	29	29	29
LN20	Fordelte utgifter	-3	-4	-4	-4	-4
LN21	Sum driftsutgifter	C	506	531	531	530
LN23	BRUTTO DRIFTSRESULTAT	D=B-C	-34	-27	-11	-10
EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONER						
LN25	Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	31	28	25	25	28
LN26	Mottekne avdrag på lån	1	1	1	1	1
LN27	Sum eksterne finansinntekter	E	32	29	26	28
LN29	Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	33	30	28	28	31
LN30	Avdragsutgifter	20	19	19	19	19
LN31	Utlån	0	0	0	0	0
LN32	Sum eksterne finansutgifter	F	53	49	47	50
LN34	Resultat eksterne finansieringstransaksjoner	G=E-F	-21	-20	-21	-22
LN35	Motpost avskrivningar	24	33	35	35	35
LN36	NETTO DRIFTSRESULTAT	I	-31	-14	3	4

I tabellen som er vist ovanfor, er det fokusert på den **ordinære** drifta som viser dei reelle problemstillingane i Kvam herad. Når kommunen derimot skal rapportera offentlege tal (sjå side 42, hovudoversikt total), ser drifta betre ut fordi meirverdiavgift frå investeringar vert inntektsført. No når investeringane vert betydeleg reduserte, vil derimot driftsproblema verta synlegare enn dei har vore dei siste åra.


Budsjettelementa

Netto driftsresultat er eit viktig målepunkt i kommuneøkonomien. Eit minstekrav er at resultatet skal vera i balanse, men det er tilrådd eit overskot på 3 % for å kunne byggje opp midlar til investeringar og eventuell dekkja inn netto driftsunderskot. I den økonomiske oversikten ser vi at 2009 er eit vanskeleg år. Netto driftsresultat vise eit underskot på 7 mill kr. Situasjonen skal etter planen retta seg noko opp i resten av perioden og overskotet skal liggja mellom 17 til 6 mill kr. Eit normalt overskot ville vore om lag 16 mill kr. For å analysera det ytterlegare kan det vera hensiktsmessig å dela driftsoversikten opp i tre: prosjekt, VAR og ordinær drift.

3.1 PROSJEKT

Kvam herad har hatt, og har mange og store investeringsprosjekt i planperioden. Investeringsprosjekta har hatt stor innverknad på driftsbudsjettet til kommunen. All meirverdiavgift som vert betalt på investeringane, kjem til inntekt i driftsrekneskapen. Denne ordninga vert i perioden 2010-2014 gradvis trappa ned, og til slutt teke heilt vekk. Dette har vore ei uheldig ordning som har skapt kunstig gode resultat for Kvam herad i perioden 2004-2008.

Figuren under viser korleis netto driftsresultat fordel seg på prosjekt, VAR og ordinær drift.



3.2 VAR (VATN, AVLØP OG RENOVASJON)

VAR er eit eige budsjett i budsjettet. Renovasjonsdelen vert handtert av BIR.

VAR er inndelt i ulike avgiftsområde som skal balanserast over ein 5-årsperiode. Det er store investeringar i VA - sektoren i planperioden. Avgiftene er uendra i forslaget for 2009, men sjølvkostområdet vert no gjennomgått og vi vonar å ha på plass nytt framlegg til budsjett for VAR til formannskapsmøtet 1.12.2008. Tabellen under er basert på gjeldande fordeling på VAR.

VAR-note for 2009

Tekst	Vatn	Vatn Kv.sk	Kloakk	Kloakk Kv.sk	Slam	Avfall	Sum
Direkte kostnader	4 009	932	1 769	669	1 677	212	9 267
- Inntekter av fordelte utgifter	0	0	0	0	0	0	0
- Inntekt av internsal	0	0	0	0	0	0	0
- Refundert sjukeløn	-19	-7	-9	-5	0	0	-39
= Korrigerte direkte kostnader	3 991	924	1 760	664	1 677	212	9 228
							0
+ Indirekte kostnader (Adm, lokaler etc)	735	311	795	331	211	0	2 383
- Frådrag for andre inntekter	0	0	0	0	0	0	0
- Sal av kapital	0	0	0	0	0	0	0
+ Avskrivningar	1 992	1 017	1 082	927	0	435	5 452
+ Kalkulatoriske renter	0	0	0	0	0	0	0
=Avgiftsgrunnlaget (utgifter)	6 717	2 252	3 637	1 921	1 888	647	17 063
							0
Gebyrinntekter årsgebyr	-4 550	-2 500	-3 435	-2 575	-1 600	-900	-15 560
Gebyrinntekter tilknytningsgebyrer	-1 400	-1 450	-400	-1 450	0	0	-4 700
Overføringar til kapitalrekneskaper	0	0	0	0	0	0	0
Driftsinntekter	-5 950	-3 950	-3 835	-4 025	-1 600	-900	-20 260
							0
Driftsresultat VAR	767	-1 698	-198	-2 104	288	-253	-3 197
							0
Avsetning til fond	5 936	3 950	3 770	4 025	1 600	900	20 181
Bruk av fond	-6 703	-2 252	-3 572	-1 921	-1 888	-647	-16 984
Bruk /avsetning til fond	-767	1 698	198	2 104	-288	253	3 197
							0
=Finansiert frå driftrekneskaper	0	0	0	0	0	0	0

3.3 ORDINÆR DRIFT

Den ordinære drifta må som minimum vera i balanse. Eventuelle underskot som oppstår, må dekkast inn over 2 år. Når prosjekt og VA er trekt ut, viser netto driftsresultat for 2009 eit underskot på 14 mill. kr..

Det er gitt tabellar som viser dei ulike elementa i den økonomiske driftsoversikten for 2008 og 2009 som vedlegg til dokumentet (vedlegg 6.1 og 6.2).

3.4 FONSDISPONERINGAR

Den økonomiske oversikta viser ei drift med eit underskot, men det ligg fleire store utfordringar bak tala. I underskotet ligg også ei avsetning på 3 mill. kr. som skuldast at Kvam herad pliktar å setja av inntekter frå konsesjonsavgift til næringsfond med 3,2 mill.kr kvart år i perioden. I tillegg vert inntekta frå jaktløyve sett av til viltfond, 0,1 mill.kr og 0,6 mill.kr til rentestyrking av fond.

Driftsnivået i økonomiplanperioden gjer at det ikkje er midlar til nye investeringar i økonomiplanen.

Opphavleg skulle det i 2009 vore sett av 10 mill. kr. og i 2010 6,4 mill.kr. til skuleinvesteringane. Dette let seg ikkje gjera. Desse midlane må dekkast inn av andre fondsmidlar i økonomiplanperioden og omdisponering av andre investeringsmidlar. I forslaget til økonomiplan er det brukt disposisjonsfond, men det bør vurderast om dette kan endrast til kapitalfond. Det vil i løpet av 2009 koma ei eiga sak vedkomande fondsmidlane til Kvam herad.

Det er heller ikkje sett av midlar til avsetning til kulturhus, bilfornyng eller større styrking av fondsmidlar.

3.5 KRAFTINNTEKTER

Kvam herad har store kraftinntekter i driftsbudsjettet. I økonomiplanen er følgjande lagt inn:

- Utbytte frå Kvam kraftverk AS og BKK 17,3 mill. kr.
- Konsesjonskraft 16,5 mill. kr.
- Konsesjonsavgift 3,2 mill. kr.
- Heimfallsinntekter 4,2 mill. kr.
- Eigedomsskatt frå kraftverk 11,0 mill. kr

Konsesjonsavgifta skal setjast av til næringsfond. Kvam herad brukar noko av konsesjonskrafta til eige forbruk. Dette estimert til vel 3 mill. kr. i lågare straumutgifter.

Totalt ligg det om lag vel 52 mill. kr. i kraftinntekter i drifta til Kvam herad i planperioden, ca. 6 mill.kr meir enn i 2008.

Vel 26 mill.kr av kraftinntektene i planperioden skulle setjast av til finansiering av skuleprosjekta fram til 2010 og deretter skulle midlane brukast til utviklingstiltak. Slik situasjonen er no, vert midlane nytta til finansiering av den ordinære drifta.

Kraftinntektene er ei av hovudårsakene til kvifor Kvam herad har kunne halde eit så høgt og utbygd teneste- og investeringsnivå som den minsteintektskommunen den er (sjå vedlegg: KOSTRATAL for 2007).

Kvam herad er såleis svært sårbar i høve svingingar i straumprisen.

3.6 STATSBUDSJETTET 2009.

Regjeringa legg opp til ein samla realvekst i inntektene til kommunesektoren på kr 8,4 milliardar i 2009, eller 3%, Veksten er rekna frå inntektsnivået i revidert nasjonalbudsjett 2008. Av dette er kr 4,7 milliardar frie inntekter. Dette tilsvarer ein realvekst på 2,3%.

Veksten i budsjettet skal gje kommunane rom for å dekkja:

- Meirutgifter som resultat av demografisk utvikling.
- Kostnader knytt til Qmsorgsplan 2015.
- Gjennomføring av siste del av NAV-reforma.
- Heilårsverknad av auken i timetalet i grunnskulen med 5 veketimar
- Reel auke i satsane for økonomisk sosialhjelp
- 2 veketimar fysisk aktivitet pr veke i grunnskulen f.o.m skuleåret 2009/ 2010.

Det er innført et nytt inntektssystem frå 2009:

- Inntektsutjevninga mellom kommunane skal gradvis trappast opp.
- Kommunal selskapsskatt vert fjerna frå 2009.
- Tidlegare regionaltilskot vert ført vidare som tilskot til små kommunar.
- Det vert innført et nytt distriktspolitisk tilskot for kommunar i Sør-Norge med over 3.200 innbyggjarar og skattenivå mindre enn 120 % av landsgjennomsnittet
- Nytt veksttilskot for kommunar som veks sterkare enn gjennomsnittet (175%)
- Ny overgangsordning (INGAR) gjev mindre variasjon i rammetilskotet år for år.

Investeringsstilskot sjukeheimplassar og omsorgsbustader

I statsbudsjettet for 2008 ble det etablert et nytt investeringsstilskot til omsorgsbustadar og sjukeheimplassar. Regjeringa foreslår at det kan vert gjeve tilsagn til ytterligere 1.000 nye einingar i 2009. Tilskotet skal styrkja tilbodet frå kommunanes til blant anna korttidsplassar i sjukeheimar samt omsorgsbustadar og sjukeheimplassar for eldre og personar med nedsett funksjonsevne med behov for heildøgnsstenester. Sjukeheimplassar: Investeringsstilskot vert utbetalt med 30 % av anleggskostnadene. Maksimalt tilskot pr. plass kr 600 000, For renovering av sjukeheimplassar vert sett maksimumstilskotet noko lågare.

Omsorgsbustadar tilrettelagt for heildøgns pleie- og omsorg. Investeringsstilskot vert utbetalt med 20 % av anleggskostnadene. Maksimalt tilskot pr. plass kr 400 000. For renovering av omsorgsbustadar vert maksimumstilskotet sett noko lågare. Fellesareal som er nødvendig for å yte heildøgnssteneste i eksisterande bustader, kan kommunane finansiera som utbetningsprosjekt med inntil 30 % av anleggskostnadene.

Rentekompensasjon til investeringar og rehabilitering av skule- og symjeanlegg.

Det vert foreslege å etablere ein ny rentekompensasjonsordning for skule- og symjeanlegg med ein tidsperiode på 8 år. Total investeringsramme er kr 15 mrd, av dette kr 2,0 mrd i 2009.

Rentekompensasjon for kyrkjebygg

Regjeringa foreslår ein ordning for rentekompensasjon for rehabilitering av kyrkjebygg. Det blir lagt opp til ein investeringsramme for 2009 med kr 800 mill. Grunnlaget for utrekning av rentekompensasjon vil vera som for skulebygg.

Utvida timetall grunnskulen

Regjeringa foreslår å utvida timetalet på barnetrinnet i grunnskulen med 2 veketimar til fysisk aktivitet.

Psykiatritilskot

Psykiatritilskotet vert innlemma i rammetilskotet f.o.m 2009.

Bustøtte

Regjeringa foreslår ei auke i bustøtta. 30 % av auken på kr 300 mill er finansiert av kommunane gjennom trekk i rammetilskotet fordi tiltaket er venta å gje reduserte utbetalingar til sosialhjelp.

Kommentar frå KS til statsbudsjettet.

- I statsbudsjettet for 2008 er utgiftene i kommunesektoren justert meir opp enn inntektene.
 - Skatteinntektene er auka med 1,0 mrd. og gebyrinntektene med 0,4 mrd.
 - Pris- og lønsveksten oppjustert frå 4,8% til 5,6%, dvs. auka kostnadene for kommunane på 2,0 mrd. kr.
 - Auka rentekostnader (ikkje finansiert)
 - Auka pensjonskostnader (ikkje finansiert)
- I 2009 vert meirskatteveksten trekt inn, medan meirutgiftene vert ført vidare.
- Veksten i realøkonomien er redusert og kanskje er vi på veg inn i ein resesjon knytt til finanskrisen (kan gje skattesvikt og større utgifter til sosialhjelp og liknande)
- Veksten i frie inntekter til kommunane og fylkeskommunane i 2009 er på 4,66 mrd. kr. og skal dekkja, auka sosialhjelpsatsar, auka pensjonskostnader, demograf m.m. Usikkert kor mykje som er reelt frie midlar i 2009.

3.7 SALDERINGA AV BUDSJETT 2009

Heradet manglar altså 31 millionar. I sitt salderingsarbeid legg rådmannen til grunn at det

- er viktig å halde oppe nivået på tenestene. Dette er jamt over høgt, nokre til dømes KOSTRA-tala visar, og ein mogleg føremonn i konkurransen med andre kommunar om arbeidskraft og innbyggjarar.
- er råd å rasjonalisere drifta ved å samle institusjonar
- ikkje er store håp om å realisere store innsparingar gjennom interkommunalt samarbeid i Hardanger. Mange har von om eit utvida samarbeid med Jondal, men rådmannen konstaterer, i samtaler i rådmannsforum i Hardanger, at Jondalstunnelen gjer at kommunane på sørsida lettare samlar seg der, og ser mindre mot Kvam. Vidare konstaterer rådmannen at Granvin ser mot Voss, Samnanger mot Bergen, og Fusa mot Os. Det som står att som samarbeidsprosjekt er då marginale og trussellause opplegg som kvammalokk, reiselivsreklame, tilflyttingsprosjekt.
- er viktig å fremje kutforslag som er handfaste og til å forstå

Rådmannen vil

- 1) endre strukturen på utvalde tenester
- 2) kutte i stillingar
- 3) kutte i driftsmidlar

1. Endre strukturen på utvalde tenester

Rådmannen vil leggje ned biblioteksfilialen i Øystese, og la filialen i Norheimsund dekkje bibliotektenesta for innbyggjarar på strekninga Vikøy – Laupsa. Det er kort veg mellom filialane, og stadig betre offentlege kommunikasjonar.

Rådmannen vil gjennomgå helsestasjonane med sikte på å samle desse for innbyggjarar på strekninga Vikøy – Laupsa. Mogleg innsparing er ikkje stipulert og vert rapportert først i tertialrapporten.

Rådmannen vil gjennomgå drifta av Kvam kino for å sjå om det er råd å spare noko ved å la ein offentlig aktør utanfor heradet drive kinoen. Mogleg innsparing vert rapportert første tertial.

Rådmannen vil tilrå at dei kommunale barnehagar som har lokalar som høver for ein lågare bemanning driv etter same bemanningsnorm som Trygge barnehagar.

2. Stillingar

Kutt i stillingar kan rådmannen nærme seg på to måtar. Han kan enten gjennomgå heile organisasjonen, analysere, drøfte og få fram vedtak som inneber store endringar. For nokre år tilbake var Kvam igjennom ein slik prosess; kvalitet og kostnader i Kvam (3k-prosjektet). Prosjektet vart aldri evaluert, men responsen tyder på at det var meir skrik enn ull.

Rådmannen vil i denne omgang nærme seg stillingskutta meir konkret og meir pragmatisk. Med konkret meiner rådmannen at bortfall eller utsetjing av oppgåver må gå forut for bortfall av stillingar. Dernest ynskjer rådmannen å vurdere nøye dei heimlane som vert ledige og drøfte interne overføringar med aktuelle kandidatar. Interne løysingar vert prioritert.

Heil stillinga som informasjonssjef vert inndrege. Informasjonssjefoppgåvene vert dels inndrege (omdømeprosjektet) og dels overtekne av rådmannen. Heimesidene vert som no oppdatert av informasjonsmedarbeidar.

Heil stilling som innkjøpskonsulent vert inndrege. Heimelen vart ledig denne hausten. Heradet vert del av innkjøpsnettverket med senter i Bergen kommune. Heradet sine innkjøpsavtalar vert innretta etter avtalane i dette fellesskapet. Rådmannen meiner det er råd å spare noko ved dette, og vil rapportere utsiktar og innsparingar i første tertialrapport.

Heil stilling i biblioteket vert inndrege i samband med at filialen i Øystese vert tilrådd nedlagt.

Heil stilling som kulturkonsulent vert inndrege. Ungdomsarbeidet må løysast på anna vis. Rådmannen har von om at alternativ drift av kinoen kan frigjere ressursar ved kulturkontoret som kan nyttast til ungdomsarbeid.

Heil stilling som utbyggingsleiar vert inndrege. Det vert færre utbyggingar dei første åra. Den eine av dei to utbyggingsleiarane vert derfor overført til sjølvkostområdet VA der det er ein ledig stillingsheimel.

Ein heil stillingsheimel som byggjesakshandsamar vert sett til å administrere taksering av eigedomar – om heradsstyret vedtek å innføre eigedomsskatt frå og med 2010. Stillinga vert erstatta av trainee rekruttert via KS sitt 18 månader lange traineeprogram.

Heil stilling ved hjelpemiddelsentralen vert inndrege. Oppgåvene vert løyst frå teknisk eining.

Fire heile stillingar i barnehage vert inndrege frå september i samband med bemanningsnorm som i Trygge barnehagar.

Skuledrifta vert drege ned og talet på årsverk tilpassa budsjettet for 2008. Det tyder 4 færre årsverk i skulen frå og med skuleåret 2009/10. Dertil kjem innsparingar frå å redusere talet på ungdomsskular frå fire til to.

70 prosent stilling som flyktningkonsulent (mottak) vert inndratt i samband med at stillingsinnehavar tek imot AFP.

Rådmannen vil nøye gjennomgå organiseringa av leiarar som svarar direkte til rådmannen, og ekstraordinære ressursar i rådmannen sin stab for å vurdere potensial for sparing. Rådmannen anslår potensiell innsparing to årsverk – realisert etter eit halvt år.

To delstillingar vert forsøkt delfinansiert gjennom mogleg interkommunalt samarbeid i Hardanger. Det gjeld:

30 prosent av stilling som næringssjef, omgjort til internasjonal konsulent
50 prosent av engasjementstilling som geolog (rassikring)

Dertil vert stillinga som barnehagesjef lagt på is fram til september.

I sum vert dette 8,5 millionar.

3. Kutt i driftsmidler

Rådmannen meiner det er råd å kutte samla 7,4 millionar i driftsmidler. Rådmannen viser her til eigen tabell.

Rådmannen finn ikkje driftsmidler til å opne det nye symjebassenget på Tangerås før i 2010.

Fram til då lyt elevane nytte det vesle bassenget i gamleskulen.

Punkta 1-3 medfører eit kutt på samla 17,4 millionar – om lag 3 prosent av budsjettet.

4. Endre låneprofilen (og selje det som seljast kan)

Låneprofilen er ikkje endra av di han i dag er så godt tilpassa økonomien som råd er. Heradet betalar ikkje meir i lån og avdrag enn det loven krev.

Rådmannen vil i 2009 leggje fram ein plan for avhending av kommunale bygg og eigedomar.

Rådmannen vil i planen tilrå at all inntekt frå sal av eigedom vert nytta til å betale ned på gjelda.

5. Investeringar

Investeringar vert iversett etter eit fast spor. Skulen i Norheimsund og barnehagane på Bjørketeigen, i Ålvik og Tørvikbygd vert utbygd som først tenkt.

6. Nye tiltak i drifta

Rådmannen vil tilrå at eit – og berre eit – nytt driftstiltak vert realisert i 2009. I samband med helseministerens varsla satsing på å styrkje samhandlinga mellom første og andrelinetenesta finn rådmann det klokt å posisjonere Kvam slik at heradet kan delta i ei eventuell forsøksordning med distriktsmedisinsk senter. Derfor legg rådmannen inn ei 20 prosent auke i legeressursen. Ved i tillegg å omdisponere offentlege legeressursar er det råd å etablere ein heil legestilling øyremarka geriatri og forsøk med distriktsmedisinsk senter.

Oversyn over kutt for å saldera drifta i 2009 kr. 31 354 000**Innsparingar drift**

Konto (T)	Kutt samla	Kommentar
Kursavgift / kostnad ved førelesar	-2 000 000	Minimumsnivå - kun kurs med støtte kan gjennomførast
Elektrisitet	-1 000 000	Ihht forbruk 08
Konsulentonorar	-800 000	200.000 Omdøme, 100.000 finansforv, 500.000 uspesifisert
Persontransport	-500 000	Redusere reiseaktivitet
Faglitteratur, tidsskrifter og aviser	-300 000	Kutte alle abonnement
Telefonabonnement og teljarsteg	-300 000	Gjennomgang abonnement, med mer
Lysingar og reklame	-300 000	Innsparingskrav
Inventar	-200 000	Innsparingskrav
Hotellopphald	-200 000	Mindre reisevirksomhet
Arbeidsklede, verneutstyr	-200 000	Arb.kle barnehage - stort innkjøp i 2008
Trykkjing og kopiering	-100 000	Innsparingskrav ihht forbruk 08
Stillingslysingar	-100 000	Innsparingskrav ihht forbruk 08
Bøker, musikk, video - folkebibliotek	-100 000	Nedlegging Bibliotek Øystese
Kontorrekvisita	-100 000	Innsparingskrav ihht forbruk 08
Kjøp av programvare	-50 000	Innsparingskrav ihht forbruk 08 tatt høgde for 60.000 til valprogam
Skulefrukt	-400 000	
Overføring Kvam reiselivslag	-180 000	
Overføring Kvam næringsråd	-50 000	
Overføring Hardangervegen AS	-100 000	
Trallebane	-500 000	
-7 480 000		
Innsparingar årsverk		
Nye Kutt	Kutt samla	Kommentar
Skulestruktur	-950 000	5/12 effekt i 2009
Skule stillingsbudsjett på nivå med 2008	-900 000	5/12 av 2 mill - ta ned overforbruk frå 2008
Barnehage stillingsbudsjett på nivå med 2008	-900 000	5/12 av 2 mill - ta ned overforbruk frå 2008
Barnehage kutt 4 årsverk fom hausten 09 bemanningsnorm	-1 000 000	5/12 effekt i 2009
Stillingar over på turnusprosjekt	-250 000	1/2 årsverk
Siviløkonom	-534 000	1 årsverk
Ambulerande vaktmester	-500 000	1 årsverk
Stilling frå Plan over på prosjekt	-550 000	1 årsverk
Næringsssjef Internasjonal konsulent for Hardanger	-150 000	0,3 årsverk
Geolog	-250 000	Inntekter frå andre
Nedlegging bibliotek i Øystese	-250 000	0,5 årsverk
Rådmannens stab 2 årsverk 1/2 års verknad	-600 000	2 årsverk 1/2 års verknad
Informasjonssjef	-600 000	1 årsverk
Barnehagesjef	-300 000	1 årsverk i 1/2 år
Kulturkonsulent	-500 000	1 årsverk
Flyktningekonsulent	-350 000	0,7 åreverk
Sum lønnspostar		-8 584 000
Andre tiltak		
Svømmehall i Strandebarm	-1 290 000	
Sum andre tiltak		-1 290 000
Sum innsparingar		-17 354 000
Bruk av disposisjonsfond		-14 000 000

3.8 PREMISSAR FOR ØKONOMIPLANEN 2009-2012

Økonomiplanen er i ”2009-kroner”. Det er ikkje teke høgd for % - vis vekst i løn, pensjon, kjøp, salsinntekter og skatt/rammetilskot i perioden 2010-2012. I 2009 er det ein lagt inn ein lønsvekst på ca 4 %. Lånerenta er sett til 5,0 %. Om lag halvpraten av låneporteføljen har fast rente på dette nivået og lågare. Det er ei forventning om at renta skal ned i løpet av 2009. Kor raskt dette vil skje, er derimot usikkert.

I nasjonalbudsjettet er prisindikatoren sett til 4,5 %. Denne er fordelt med ein lønsvekst på 5,0 % (vekt 0,635) og varekjøp på 3,6 % (vekt 0,365). Inntektsramma i rammeoverføringane er såleis prisjustert frå 2008 til 2009 med 4,5 %.

I 2009 utgjer inntektene ca 525 mill. kr. Av dette kjem 321 mill. kr. frå rammetilskot og skatt på inntekt og formue. Løn og sosiale utgifter utgjer 383 mill. kr. i 2009 som er ein vekst på 4,65 %. Dette er etter at vi har redusert talet på stillingar med om lag 16,5 årsverk i budsjettet *for 2009*.

3.9 HOVUDOVERSIKT ORDINÆR DRIFT (EKS. PROSJEKT OG VAR) 2008-2012

DRIFTSINNEKTER		Ordinær drift 08	Ordinær drift 09	Ordinær drift 10	Ordinær drift 11	Ordinær drift 12
LN03	Brukarbetalingar	20	21	21	21	21
LN04	Andre sals- og leigeinntekter	22	23	24	24	24
LN05	Overføringer med krav til motyting	80	68	68	68	68
LN06	Rammetilskot frå staten	133	151	151	151	151
LN07	Andre statlege overføringer	30	36	36	36	36
LN08	Andre overføringer	13	18	18	18	18
LN09	Skatt på inntekt og formue	159	171	171	171	171
LN10	Eigendomsskatt	12	14	29	29	29
LN11	Andre direkte og indirekte skattar	3	3	3	3	3
LN12	Sum driftsinntekter	B	471	504	520	520
DRIFTSUTGIFTER						
LN14	Lønsutgifter	287	300	298	297	296
LN15	Sosiale utgifter	73	79	79	79	79
LN16	Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon	62	61	63	63	63
LN17	Kjøp av tenester som erstatter kommunal tenesteproduksjon	21	18	18	18	18
LN18	Overføringer	44	48	48	48	48
LN19	Avskrivningar	21	28	29	29	29
LN20	Fordelte utgifter	-3	-4	-4	-4	-4
LN21	Sum driftsutgifter	C	506	531	530	530
LN23	BRUTTO DRIFTSRESULTAT	D=B-C	-34	-27	-11	-10
EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONER						
LN25	Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	31	28	25	25	28
LN26	Mottekne avdrag på lån	1	1	1	1	1
LN27	Sum eksterne finansinntekter	E	32	29	26	28
LN29	Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	33	30	28	28	31
LN30	Avdragsutgifter	20	19	19	19	19
LN31	Utlån	0	0	0	0	0
LN32	Sum eksterne finansutgifter	F	53	49	47	50
LN34	Resultat eksterne finansieringstransaksjoner	G=E-F	-21	-20	-21	-22
LN35	Motpost avskrivningar	24	33	35	35	35
LN36	NETTO DRIFTSRESULTAT	I	-31	-14	3	4

3.10 HOVUDOVERSIKT TOTALT 2008-2012

		Rek 07	Oppr. Bud 08	Jus. bud 08	Bud 09	Bud 10	Bud 11	Bud 12	
DRIFTSINNTEKTER									
LN03	Brukarbetalingar	19	20	20	21	21	21	21	
LN04	Andre sals- og leigeinntekter	41	45	42	43	44	44	44	
LN05	Overføringer med krav til motyting	90	117	114	75	81	70	69	
LN06	Rammetilskot frå staten	127	128	133	151	151	151	151	
LN07	Andre statlege overføringer	23	29	30	37	36	36	36	
LN08	Andre overføringer	7	10	13	20	18	18	18	
LN09	Skatt på inntekt og formue	154	166	159	171	171	171	171	
LN10	Eigendomsskatt	12	12	12	14	29	29	29	
LN11	Andre direkte og indirekte skattar	3	3	3	3	3	3	3	
LN12	Sum driftsinntekter	B	478	530	525	533	553	542	541
DRIFTSUTGIFTER									
LN14	Lønsutgifter	265	266	289	303	301	299	299	
LN15	Sosiale utgifter	58	71	74	80	80	80	80	
LN16	Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon	70	71	70	68	68	68	68	
LN17	Kjøp av tenester som erstatter kommunal tjenesteproduksjon	21	22	24	20	20	20	20	
LN18	Overføringer	41	56	48	50	49	49	49	
LN19	Avskrivningar	22	24	24	33	35	35	35	
LN20	Fordelte utgifter	-1	-1	-1	-2	-2	-2	-2	
LN21	Sum driftsutgifter	C	476	510	528	553	550	549	549
LN23	BRUTTO DRIFTSRESULTAT	D=B-C	2	20	-3	-19	4	-7	-7
EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONER									
LN25	Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	30	24	31	28	25	25	28	
LN26	Mottekne avdrag på lån	0	1	1	1	1	1	1	
LN27	Sum eksterne finansinntekter	E	30	25	32	29	26	25	28
LN29	Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	22	21	33	30	28	28	31	
LN30	Avdragsutgifter	16	18	20	19	19	19	19	
LN31	Utlån	1	0	0	0	0	0	0	
LN32	Sum eksterne finansutgifter	F	38	39	53	49	47	47	50
LN34	Resultat eksterne finansieringstransaksjoner	G=E-F	-8	-14	-21	-20	-21	-22	-22
LN35	Motpost avskrivningar	22	24	24	33	35	35	35	
LN36	NETTO DRIFTSRESULTAT	I	15	31	0	-7	17	7	6
AVSETNINGAR									
LN38	Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk	13	0	4	0	0	0	0	
LN39	Bruk av disposisjonsfond	11	5	35	15	1	1	1	
